

## Kom på julekonsert!

Dette er ein invitasjon til deg som som vil koma i rett julestemning ved å oppleve julesongskatten i eit vakkert kyrkjerom – og som kanskje har lyst til å synge med!



*Todalskoret, Åsskard Kyrkjekor og Bøfjorden Mannskor* saman med unge og godt vaksne støttesongarar i ”*Julekor 09*” vil gjerne fylla kyrkjene med glade menneske og vakre tonar denne helga. Difor er det fint om akkurat du og fleire med deg møter opp!

Ein grunn til at vi sender slikt brev, er at det har vore feil annonsering i kyrkjelista i avisene Tidens Krav og Driva no før julekonserthelga. Det korrekte er:

<b>Laurdag 12. desember</b>	kl. 16.00:	<i>Vi syng jula inn</i>	i <b><u>STANGVIK</u></b> kyrkje
<b>Søndag 13. desember</b>	kl. 15.00:	<i>Vi syng jula inn</i>	i <b><u>TODALEN</u></b> kyrkje
<b>Søndag 13. desember</b>	kl. 19.30:	<i>Vi syng jula inn</i>	i <b><u>ÅSSKARD</u></b> kyrkje

På programmet til konsertane står allsong, juleviser og korsong av mange slag

– som

- |                           |                                 |                          |
|---------------------------|---------------------------------|--------------------------|
| * Å kom nå med lovsang    | * Et barn er født i Betlehem    | * Deilig er jorden       |
| * Julekveldsvisa          | * En stjerne skinner i natt     | * Julenatt               |
| * Å du heilage            | * Jeg er så glad hver julekveld | * Glade jul              |
| * Maria-vise              | * Jul, jul, strålende jul       | * Den store stjerna      |
| * Det hev ei rosa sprunge | * Mitt hjerte alltid (Todalen)  | * Folkefrelsar (Todalen) |
| * Julemotett (Alnæs)      | * Det tona i ei midnattsstund   | * I ein stall ....       |

Utanom kora blir nokre **solistar** med:

**Øystein Moe, Sina Kristin Moe, Nora Vetleseter Bøe** og **Sigrid Vetleseter Bøe**. I Stangvik laurdag deltek **Surnadal Hornmusikk** i lag med kora.

I Åsskard søndag kveld er det i tillegg **Lucia-opptog** med barnegruppa **Amigos** frå Bøfjorden. Der byr også vertane på **kaffe, saft** og **kaker** etter konserten.

Det blir teke opp ein frivillig **kollekt** til dekning av utgifter med arrangementa.

**Bli med oss på å skape ei god førejuls-oppleving!**



*For oss i*  
**Todalskoret – Åsskard Kyrkjekor**  
**Bøfjorden Mannskor – Julekor 09**  
**Bernt Bøe - organist**